



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 10

(2002–2003)

Om lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 18. oktober 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet legg med dette fram forslag om at arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon (KFO) og Servicebedriftenes Landsforening (SBL) i samband med tariffrevisjonen 2002 skal avgjerast av Rikslønnsnemnda. Departementet legg samtidig fram forslag om at det blir forbode å setje i verk eller oppretthalde arbeidskamp for å løyse tvisten.

2 Partsforhandlingar og mekling

Tvisten har oppstått i samband med lønnsoppgjeret 2002 mellom private ambulanseselskap som er medlemmer i SBL og ambulansesjåførar som er medlemmer i KFO.

Forhandlingar om ny tariffavtale førde ikkje fram, og KFO braut forhandlingane og varsla plassoppseiing 6. september 2002. Riksmeklingsmannen la ned forbod mot arbeidskamp 8. september og innkalla partane til mekling. Meklinga blei avslutta natt til torsdag 26. september 2002 utan resultat.

KFO tok 26. september ut 65 av sine medlem-

mer i Nord-Trøndelag og Nordland i streik på desse stadene:

Verksemd:	Arbeidstakarar i streik:
IN-Ambulanse Arne Okkenhaug AS	8
Inn-Trøndelag Ambulanse	10
Nord-Trøndelag Røde Kors	
Ambulanse AS	14
Namsos Trafikkselskap ASA	15
Nordtrafikk Ambulanse i Sortland ...	6
Nordtrafikk Ambulanse i Bø	6
Nordtrafikk Ambulanse i Hadsel	6
I alt:	65

Streiken blei trappa opp frå 2. oktober. KFO tok ut 58 nye medlemmer på desse stadene:

Verksemd:	Arbeidstakarar i streik:
Finnsnes Ambulanse	11
Vinje Ambulanse	47
I alt:	58

Ytterlegare opptrapping kom 8. oktober 2002. Frå denne datoen var i alt 262 arbeidstakarar omfatta av streiken i til saman 9 fylke: Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Oppland, Hedmark, Telemark og Buskerud.

3 Omfang og verknader av konflikten

Kommunal- og regionaldepartementet har fått jamleg informasjon frå Statens helsetilsyn om verkna-dene av tvisten og deira vurdering av konsekvensa-ne.

Søndag 13. oktober melde Helsetilsynet at fylkeslegane i Nord- og Sør-Trøndelag rapporterte at det ville kunne oppstå fare for liv og helse frå måndag morgon dersom det ikkje blei sette inn tiltak. Etter dette gav KFO dispensasjon i 24 timar, noko som løyste denne situasjonen. Om kvelden 14. oktober 2002 mottok Kommunal- og regionalministe-ren likevel ein rapport frå Helsetilsynet der det på grunnlag av fylkeslegane sine vurderingar av situa-sjonen i Nord- og Sør-Trøndelag blei konkludert med at det kan oppstå situasjonar som vil kunne fø-re til fare for liv og helse. I rapporten heiter det mel-lom anna:

«Helsetilsynet har senere i dag mottatt rappor-ter fra fylkeslegene i Nord- og Sør-Trøndelag som viser at situasjonen fra tirsdag 15. oktober 2002 kl. 08.00 vil kunne medføre fare for liv og helse. På grunn av overføring av to pasienter med ustabil angina til St. Olavs hospital vil Nam-sos være uten ambulanse i morgen fra kl. 10.00 til kl. 16.00. Vi viser for øvrig til vedlagte rappor-ter med vedlegg fra fylkeslegene i Nord- og Sør-Trøndelag.

Helsetilsynet finner på bakgrunn av fylkes-legenes vurderinger av situasjonen i Nord- og Sør-Trøndelag at det kan oppstå situasjoner som vil kunne medføre fare for liv og helse.»

I nemnde rapport frå fylkeslegen i Sør-Trøndelag heiter det:

«Ut fra foreliggende opplysninger, vil det si at situasjonen i Sør-Trøndelag fra tirsdag 15.10.2002, kl. 8.00 er som følger:

- Tre ambulansebiler på 170 000 innbyggere
- Ingen ambulansekoordinator i AMK
- Ingen bemanning i legevaktbil.

Fylkeslegen viser til tidligere vurderinger i forhold til en slik situasjon, og vurderer at fra 15–10.2002, kl. 08.00 vil det være fare for liv og helse.»

Fylkeslegen i Nord-Trøndelag uttaler mellom anna:

«Vedrørende overføring av pasient fra Køben-havn via Værnes til Namsos er dispensasjons-søknad og anke avslått. [...]

På grunn av overføring av 2 pasienter med ustabil angina til St. Olav i morgen vil Namsos være helt uten ambulanse fra kl. 1000 til 1600.

Helse Nord-Trøndelag understreker at de ikke i egen regi kan få på plass ambulansetje-neste fra 15. oktober. Videre opplyser de at for-svarlig beredskap ikke kan opprettholdes og liv og helse blir satt på spill.

Fylkeslegen viser til sin vurdering av situa-sjonen i tidligere rapport i dag. Fylkeslegen vur-derer det fortsatt slik at det er økende fare for liv og helse inneværende døgn og at det fra 15. oktober kl 0800 vil være fare for liv og helse.»

Kommunal- og regionalministeren kalla partane inn til eit møte måndag 14. oktober kl. 21.30. Stats-råden informerte om at Regjeringa på grunnlag av dei konsekvensane streiken no kunne få, hadde vedteke å fremje forslag om å bruke tvungen lønns-nemnd for å stanse konflikten. På oppmoding frå statsråden sa KFO at deira medlemmer ville gå til-bake til arbeidet med det same.

4 Konklusjon

Etter ei samla vurdering, særleg med grunnlag i rapporten frå Statens helsetilsyn, har Kommunal- og regionaldepartementet kome til at omsynet til liv og helse talar for at konflikten mellom KFO og SBL no blir løyst utan ytterlegare arbeidskamp.

Noreg har ratifisert fleire ILO-konvensjonar som vernar organisasjonsfridommen og streikeret-ten (konvensjon nr. 87, 98 og 154). Slik konvensjo-nane har vore tolka av ILOs organ, er det berre hø-ve til inngrep i streikeretten dersom streiken set liv, helse eller personleg tryggleik i fare for heile eller store delar av befolkninga.

Den reviderte sosialpakta under Europarådet har i artikkel 6 nr. 4 ein regel som vernar streikeret-ten. Vi må likevel sjå artikkel 6 i samanheng med del V artikkel G, som opnar for at det ved lov kan gjerast avgrensingar i streikeretten som er nødven-dige i eit demokratisk samfunn for å verne fridom og rettar for andre menneske, eller til vern av of-fentlege interesser, den nasjonale tryggleiken og moralen i samfunnet.

Kommunal- og regionaldepartementet meiner at eit vedtak om tvungen lønnsnemnd i denne ar-beidskonflikten er innanfor ramma av dei konven-sjonane Noreg har ratifisert.

Om lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002

Kommunal- og regionaldepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002

§ 1

Twisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002 skal avgjerast av Rikslønnsnemnda.

Reglane i lov av 19. desember 1952 nr. 7 om lønnsnemnd i arbeidstvistar blir brukt tilsvarende.

§ 2

Det er forbode å setje i verk eller oppretthalde arbeidsstans eller blokade til løysing av tvisten.

§ 3

Lova her tek straks til å gjelde.

Lova gjeld fram til Rikslønnsnemnda har avgjort tvisten.
